

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kommunedirektør			Berit Karin Rystad
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	23/19	Klassering:

Høyring: Forskrift om tilskot til bustadtiltak

Kommunal og distriktsdepartementet

Saksopplysninger

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) har sendt ut forslag til forskrift om tilskot til bustadtiltak på høyring. Stortinget har vedteke innføringa av tilskotsordninga i samband med handsaming av Prop. 1 S (2022-2023), jf. Innstilling 16 S (2022-2023).

Det er foreslått i budsjettforslaget at Husbanken skal avgjere søknader etter vilkår som blir fastsett i forskrift. Husbanken kan ikke lyse ut tilskotsmidlane før forskrifta er på plass. Departementet har derfor satt en kort høringsfrist til 15. mars 2023.

Om høyringsforslaget

Regjeringa ønsker å legge til rette for satsing på bustadutbygging i heile landet gjennom testing av nye

Bustadtiltak, og stimulere til kunnskapsutvikling, nytenking og innovasjon. I Prop. 1 S (2022–2023) foreslår regjeringa at tilskot til bustadsosiale tiltak endrar namn til tilskot til bustadtiltak frå og med 2023, og at formålet med tilskotet utvidast til og å gjelde generelle bustadtiltak i distriktskommunar i tillegg til bustadsosiale tiltak. Husbanken skal framleis avgjere søknader og forvalte tilskotet.

Den nye forskriften vil føre vidare tilskotet som i dag regulerast av forskrift av 23. februar 2011 nr. 194 om kompetansetilskot til bustadsosialt arbeid frå Husbanken. Denne forskriften er foreslått oppheva.

Nærare vilkår for tilskotet følger av høyringsnotatet med forslag til forskrift som er lagt ved saka.

Målet er at forskriften skal tre i kraft så snart som mogleg. KDD sender derfor forslaget om forskrift på høyring med ei vekes frist.

Vurdering

Fedje kommune ser dreininga av tilskotsordninga som positivt og er takksam for at regjeringa vil endre denne. Men, alt vil ikkje nødvendigvis treffe dei minste næringsfattige og inntektssvake kommunane like godt.

§§ 3 og 4 i forskriften kan bli problematisk. For Fedje sin del har ein stor del av bustadbygginga dei siste 40 åra vert gjort av kommunen. Me har ingen aktør som har vært i stand til å reise bustadar for sal/utleige. Formuleringa rundt krava til kommunen er av ein slik art at næringsfattige kommunar utan private investorar og lokale entreprenørar, kan slite med å få reist nye bustadar. Kva er nye bustadskonsept og samarbeidsformer.

For vår del har det så langt vert naudsynt at kommunen har vert åleine om utbygging, og det er uheldig om forskrifta skal avgrensa vår moglegheit til tilskot.

Folkehelse

Gode bustadforhald er viktig for folkehelsa til innbyggjarane og noko som kommunen må prioritere for å være ein attraktiv stad å bu

Miljø

Gode bamiljø er ein viktig del av folk sin trivnad og livskvalitet

Økonomi

Fedje kommune har ikkje økonomi til å drive ein aktiv bustadpolitikk utan ressursar frå staten eller private aktørar. Det er difor viktig at tilskotsordningane til Husbanken treff små kommunar med dårleg økonomi

Konklusjon

Fedje kommune slit med mangel på bustadar, og me manglar og ein variert bustadmasse. Det er for eksempel bygd for lite små og større leilegheiter i kommunen. For å få fart på bustadbygging på Fedje treng me støtteordningar som gjer det realistisk for investorar og utbyggjarar å investere i kommunen. Den nye forskrifta kan være med på å bidra til dette, og kommunedirektøren er positiv til den nye forskrifta. Høyringssvaret frå Fedje kommune ligg ved saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost